

Årsmelding

for eldrerådet i Øystre Slidre kommune 2021



Øystre Slidre Helsetun 2021

Eldrerådet har i 2021 hatt denne samansetninga:

Medlem:

*Solveig Rydland, leiar
Gudbrand Dahle, nestleiar
Astrid Lunde
Morten Steinsrud Sp
Bjørn Kjensli Sv
(frå august 2021 rykka Berit Karlberg
Myrvang opp som medlem og som vara
kom inn
Bjørn Kjensli flytta frå kommunen)*

Varamedlem:

*Ingfrid Rotevatn
Erik Gjerdalen
Eli Lund Enger
Magne Mjøs Sp
Berit Karlberg Myrvang Sv*

One Enerud Sv

Den nye kommunelova § 5 – 12 (Vedteken i Stortinget juni 2018) inneheld forskrift om kommunale råd for eldre.

Forskrifta skal sikra ein brei, open og tilgjengeleg medvirkning frå eldre gjennom eldrerådet i alle saker som gjeld dei.

Rådet er eit rådgjevande medverkningsorgan for kommunen der medlemane i eldrerådet vert rekna som folkevalde på lik line med andre som sit i folkevalde organar.

Vedtekter i kommunelova som gjeld folkevalde organ, gjeld og for eldreråda.

Øystre Slidre eldreråd har i 2021 hatt 8 møter. Me har samarbeidd noko med Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne, men ikkje hatt møter saman.

*Eldrerådet har dette året handsama 49 saker.
Dette er fire saker mindre enn i fjor.*

Rådet som har eigen aktivitetsplan, ser at antall møter held seg stort sett stabilt, men har og bære preg av meir djuptgåande innhald i saker. Her kan nemnast innstruks for eldreråd, demensomsorga, dagsturhytte, revidering av helseog omsorgsplanen og økonomiplanen.

*Pandemien har her påverka arbeidet i rådet med omlegging og nye måtar å arbeide på.
Såleis vart siste møtet i 2021 halde via teams.*

*Innhald og tilrettelegging i det nye Helsetunet har og vore på programmet. Det har også i 2021 vore lagt ned eit stort arbeid med å få Helsetunet til å fungere best mogeleg, trass i pandemi. Ein stor takk vert retta til folka som styrer med dette.
Eldrerådet hadde omvisning og møte på det nye Helsetunet 21.09.2021*

I samband med eldredagen 1.oktober, samarbeidde Helsetunet med eldrerådet om å arrangere middag for eldre i kantina på Helsetunet. Fem dagar i veke 39 kunne alle over 65 år melde seg på trerettars middag med restaurantstandard, sterkt sponsa av fylket og næringslivet. I samarbeid med Valdres videregående skole, fekk elevar prøve seg på institusjonskjøkkenet og som kelnarar, godt støtta av lærarar ved skulen. Om lag 120 eldre nytta seg av tilbodet desse dagane. Eit svært vellukka opplegg som i utgangspunktet var tenkt som ei oppmuntring til alle eldre som under pandemien hadde kjent på einsemd og isolasjon. Kanskje traff ein ikkje heilt den mest utsatte gruppa her, trass i annonser, jungeltelegraf og tilbod om skyss, men dei som kom på middag fekk god mat, oppleva det nye Helsetunet og eit minne for livet i hyggeleg lag. Eldrerådet hadde her vertsrolle.

Eldrerådet har vore orientert om:

- *Revidering av instruks for eldreråd*
- *Dagsturhytte*
- *Sjukehussaka*
- *Temaplan for habilitering og rehabilitering*
- *Sti og løypeplan*
- *Leve hele livet i kommuneplan*
- *Betaling av rekningar frå det offentlege*
- *Plan for Furustrand og ny turveg*
- *Kulturminneplanen*
- *Drosjekøyring i distrikta*
- *Demensomsorga*
- *Opning av det nye Helsetunet 18.september*
- *Kunstgruppa ved det nye Helsetunet*
- *Litt frå Innlandetfylkes eldreråd*

- Nytt frå kommunestyret
- Omvisning på Helsetunet
- Økonomiplanen

Eldrerådet har gjeve uttale til:

- Innstruks for eldrerådet
- Dagsturhytte for alle
- Helse-og omsorgsplanen
- Behandling av makuladegenerasjon
- Forslag til nytt reglement for eldrerådet
- Drosjekøyring i distrikta
- Helsefellesskap Innlandet
- Demensomsorga
- Datakurs for eldre

Andre møter:

- Leiar har teke del i møta om prosjektet «Eldre ut på middag»
- Leiar har teke del i møta i samhandlingsrådet for Frivilligsentralen
- Leiar er medlem av kunstgruppa for Helsetunet
- Leiar er med i den kommunale prosjektgruppa for «Leve hele live»t.
- Leiar har teke del i samling for eldreråda i Innlandet fylke
- Leiar har orientert om eldrerådet i møte i pensjonistlaget.
- Leiar har teke del i gruppemøte i Sv.

Eldrerådet takkar administrasjon og politikarar for god orientering og godt samarbeid i saker som vedkjem eldre og set stor pris på gjensidig dialog med dykk alle!
Saman står vi sterke i arbeid for dei eldre!

Årsmelding er vedteken i eldreråd den... 29. mars 2022 Solveig Rydland

[Handwritten signature]

[Handwritten signature]

[Handwritten signature]